



Vår dato:

27.05.2019

Vår ref:

2019/2362

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Vindafjord kommune
Rådhusplassen 1
5580 Ølen

Kontakt saksbehandlar
Alexander Reppert, 51568727

Søknad om mudring i sjø ved Plassavegen Naust- og turistområde, Vikebygd i Vindafjord kommune

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at søknadsdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.

Frist for kommunen sin uttale er 8 veker.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå Magne Vik m.fl. om løyve etter forureiningslova § 11, jf. § 16. Søknaden omfattar mudring og utfylling i sjø ved eigedommane 331/1, 96, 97 og 98 i Vindafjord kommune.

Kort orientering om tiltaket:

Søknad gjeld: mudring og midlertidig utfylling
Planlagt Oppstart: april/mai
Estimert varigheit: ca. 6 månader

Søknad om mudring/utfylling:

Beregnet mudrings volum: ca. 2000 m³
Beregnet utfyllings volum: ca. 500 m³
Beregnet rørt areal: ca. 15000 m²
Planlagt avbøtande tiltak: Siltgardin samt gjennomføring på årstid med lavt sjønivå, lite nedbør og lite vassføring i elva. Lasting på traktor utan mellomlagring

Største del av tiltaksområdet er regulert (Plassavegen naust- og turistområde) og ligg avsett til «ferdsel» område i sjø¹. Ein mindre del av tiltaksområdet rører ved areal som er uregulert og ligg avsett med føremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanens arealdel.

¹ <http://tema.webatlas.no/vindafjord/planinnsyn>



Bakgrunn/søknad


Tiltaket skal utførast av entreprenør Geir Flatnes AS på vegne av søker Magne Vik. Omsøkt tiltak har som føremål å legg betre til rette for bruk av ferdsselsområde i sjø ved å oppnå større djupneforhold. Anleggsarbeidet medfører fleire tiltak som kan påverke miljøet.



Figur 1: Oversiktsbilde som viser tiltaksområde

Tilrettelegging for tilgang til mudringsområde omfattar utfylling i sjø. Massane som skal brukast er sprengstein frå lokalt steinbrott og skal fyllast ut med ein bredde på 4 meter og opptil 0.5 meter over havnivå. Etter kvart som ein mudrar innover skal massane fjernes og deponerast på gnr./bnr. 331/1 og 331/98.

Sjølve mudringa skal utførast ved bruk av gravemaskin. Massane er planlagt deponert på land for avrenning og planering for jordbruksføremål. Overskotsmassar frå mudringstiltaket er klassifisert som næringsavfall, jf. forureiningslova § 27a andre ledd. Næringsavfall skal som hovudregel leverast til eit lovleg avfallsanlegg eller gjennomgå gjenvinning, jf. forureiningslova § 32. Dette gjeld også for reine massar. Tiltakshavar har i brev av 11.03.2019 søkt samtykke frå Miljødirektoratet om unntak frå forureiningslova § 32 første ledd til annan disponering av næringsavfall. Omsøkt tiltak ligg framleis til avgjerd hos Miljødirektoratet.



Figur 2: Oversiktsbilde som viser mudringsområde



Figur 3: Oversiktisbilde som viser omsøkt areal for deponi av mudringsmassar (stipla linje)



Søkar står oppført som ansvarleg prøvetakar av massane i sjø, utført ved 3 lokalitetar i topplaget (0-15 cm). Massane er beskrive som sand, jord, humus, enkelte skjell og mindre stein. Miljøanalysen² er utført av Intertek West Lab AS og viser at verdiar for tungmetalla ligg innanfor klasse 1 i høve til Miljødirektoratet sin rettleiar M-608³. Unntaket er Arsen som ligg i klasse 2. Analysen viser elles at verdiane for andre kjemiske stoff ligg innafor klasse 2.

Fylkesmannens merknader

Ifølge Temakart-Rogaland⁴ er det i området registrert naturtypen «bløtbunnsområder i strandsonen» med verdi B «viktig». Verdien er gitt ut frå storleiken og fordi det ligger i eit beskytta område, nær viktig gytefelt for torsk. I heile bukta er det også modellert sannsynleg for førekommst av ålegras.

Vidare er det svært mange observasjonar av næringssøkande fugl i Vikevik i hekketida (mars-juli). Bl.a. de raudlista artene vipe (EN), fiskemåke (NT), ærfugl (NT), hønsehauk (NT), gulsporv (NT), stær (NT), hettemåke (VU) og songlerke (VU).

Ifølge vann-nett⁵ tilhøyrar tiltaksområdet «Ålfjorden» som er klassifisert som «god» økologisk tilstand og «ukjent» kjemisk tilstand. Vassførekommsten er registrert som påverka i «liten grad» av diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett, og i «ukjent grad» av punktutslepp frå søppelfyllingar.

Omsøkt mudringområde ligg i utløpet til Passelva. Frå vann-nett er elv-førekommsten namngitt som «Vikeelva tilløpsbekker» og vatntypen er klassifisert som «små, kalkfattig og humøs, med moderat økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand. Vassførekommsten er vidare registrert som påverka i «middels grad» av diffus sur nedbør, diffus avrenning frå husdyrhald/husdyrgjødsel og diffus avrenning frå spreitt busetnad.

Fylkesmannen vil i eit eventuelt løyve blant anna sette krav om internkontroll, støykontroll og beredskapsplan. Ut i frå føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kan det eventuelt bli aktuelt å stille ytterlegare krav.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensingsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningslova» fastsett av Klima- og miljø-departementet 01.06.2004.

Andre høyringsinstansar

Fylkesmannen vil sende kopi av dette brevet saman med oppmoding om uttale til andre høyringsinstansar. Kommunen vil få kopi av det brevet.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen sørger for kunngjering av søknaden i Grannar lokalavis. Kunngjeringskostnadene skal dekkes av tiltakshavar. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

Utlegging til offentleg ettersyn

² Intertek West Lab AS – Miljøanalyse Plassavegen, Vikebygd – 13.feb.2019

³ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M608/M608.pdf>

⁴ <https://www.temakart-rogaland.no/>

⁵ <http://vann-nett.no/portal/>



Søknaden vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen og på Fylkesmannen i Rogaland si internettleide www.fylkesmannen.no/rogaland under «**Høyringar**». Uttale frå interesserte sendes Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger, eller fmropost@fylkesmannen.no, innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Vi ber kommunen i same tidsrom å hente inn nødvendige uttalar frå eigne organ så langt ein finn dette hensiktsmessig. Vidare må det gis opplysningar om det planlagde anleggsarbeidet er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsførersegner m.v. for området.

Kommunens uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerala.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre sluttbehandling enn dei som er ligg ved, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi anbefala at kommunen føretok ein kommunal sluttbehandling i eit organ som kan gi ei heilskapsvurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Alexander Reppert
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknadsskjema
- 2 Vedlegg søknad om mudring
- 3 Kunngjeringstekst

Kopi til:
Magne Andreas Vik
GEIR FLATNES AS Høghaugvegen 4 5550 SVEIO